Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Veving

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899)

(adresse): Hammerstadgt. 12 B II, Oslo

Fylke: Buskerud

Herad: Hemsedal.

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I min oppvekst var det endå i bruk å veva ein god del. Det var nok ty å få kjøpt hjå kræmarane, men det var så lite av kontante pengar hjå folk, at dei laut spara på alle utlegg så langt det let seg gjera.

Dei vov både av heimespunne garn og kjøpegarn. All slag ullty kunne dei vera sjølvhjelpne med. Det var ikkje lite sauehald, så dei hadde ull nok både til binding (strikking) og veving. Ulla karde og spann dei. Så å seia kvar vaksen kvinne hadde sin eigen rokk. Garnet (stundom det ferdige tyet) vart leta, i eldre tid med plantefargar, i nyare tid med kjøpelet (så i min barndom). Bomullsgarn laut dei derimot kjøpa. Men dei brukte gjerne å tvinne det opp att for å få det fastare. – I min barndom tok dei til å senda filler (og ull) til spinneria og få att ferdiglaga ty.

9107

5

Stamping vart gjort noko i bygda (visstnok berre ei gamal stampe), det mest i grannbygda (Sol) der det var fargar og stampar.

Vevrei hadde dei på kvar gard, og utpå etterjólsvinteren isar var det mykje veving.

Veving var kvinnfolkarbeid, så det er lite eg kan fortelje om det i detaljar. Det som dei vov, var helst dette:

1. Vadmål. Det vart nytta til mannsklede: brókær, heil kledning, tjukkare tröyer, luver. Vevemåten var „tre=skaft", dei kalla. Det vart tjukt og sterkt ty, men noko stivare, serleg etter at det var stampa. Til uvandare ting nytta dei vadmålet uleta (helst grått). Til finare klede vart det leta (svart eller blåsvart), stampa og pressa. Karmannsklæda både til helg og sykne var som oftast av vadmål. (Men i min barndom tok det til å koma kjøpety i bruk til finare „dressar" – „sjeviót", dei kalla). – Uttale: „Våbb=måt".

2. Lereft. Vove av bommullsgarn i „two=skaft". Det vart vove mykje lereft: til skjorter og serkar, „turka=plagg" (handklede), hövdelag-ver, laken el. „blæju" (lite i bruk, dei nytta kvitlar i staden) o.a. Det hende og dei farga lereft (blått helst) og nytta det til ymse kledesplagg (fyrekleda, busserullar o.a.).

3. Kvitill=vev. ~~[illegible]~~ Tunnare ullty enn vadmål. Ofte med svarte og kvite rindar både

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9107

 3.

på langs og tvers. Vart ikkje stampa.
(Kjenner ikkje til kva „skaft" dei nytta.
Tvoskaft? Eller treskaft med anna
treing enn vadmål ?).

4. Kjoletøy. Av ull eller halv-ull (verken). Gjerne vove i mønster, anten rindar i fleire fargar (derav namn som „rinda-stakk", „rinda-trøye"), eller med kvadratmønster (rutut tøy). Slikt tøy vart nytta til stakkar og skjørt, trøyer (bluser) o. a. kvinnfolkklede.

5. Åkle-vevnad. Her nytta dei sterkt bommullsgarn (tvitvinna el. meir?) til renning, leta ullgarn til islett. Dei kunne anten vera rindute eller i rutut mønster. – Slik veving gjekk sjeldnare på.

6. Ulltøy eller verken einsleta vart vove ein del og nytta til uvandare klede, underbukser, kvitlar, trøyer o. a. –

Kunstveving (biletveving) har eg ikkje høyrt om. I så fall var det få som prøvde seg på det. Men vakre rutemønster i kjoletøy og åklede var dei flinke til å få til.

5-3-54.

Ola Rudvin

9107

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING